

Nordre Austebygd Velforening
Ådlandsv. 863
5918 FREKHAUG

Ådlandsv. 24.04.16

MELAND KOMMUNESTYRE

Breibandssøknad 2016; innspel til vedtak om prioritering.

Bygdelaget var tidleg engasjert i å søkja kommunen om stønad til utbygging av Fiber (høghastighetsbredbånd).

Vi har utført egen marknadsføring, skaffa interesselister. Ca 30 bindande kundar berre lengs nord på Ådland. Det er lagt rørtracering i vassleidningsgrøfter. Rør eigd av BKK Fiber AS, som har levert Altiboks til dei aller fleste som har fiber i Meland Kommune.

Skuffelsen vart derfor stor då vi ikkje nådde opp i førige runde(2014). I saksutgreiing frå administrasjon står det : «svært lang strekning som ikkje utløyser så mange abonnenter», og derfor ikkje prioritert.

Dette vert for enkelt. Ein finn ikkje kostnad ut i frå å telja hus i kartet. Avstand til fiber, rørstruktur mm. påverkar kostnaden. Det er fiber på Ådland som kan nyttast, eller ein kan forsyne frå Moldkleiv der all elektronikk er på plass, samt kabel fram til høgspenningslinje er lagt. Og, tanken var vel at midlane skulle brukast der ein treng støtte til utbygging, og ikkje der det allereie var lønnsamt å byggja ut. Austebygd og Nordre Holsnøy som verkeleg har behov for støtte, kan enda opp utan ei krone, etter to rundar med tildeling av midlar.

Etter tildelinga, vart resultatet kommunisert på heimesida til kommunen. **Det vart skrive at neste gong er Ådland prioritert.** Dette vart etter ei tid tatt vekk, Kvifor ?

No ser vi at Ådland ikkje er nemnd med eit ord i sakspapir eller innstilling, fordi vi ikkje har respondert på den siste undersøkinga ? Vi tar det for gitt at administrasjonen huskar søknaden/lovnaden frå sist, og at det var vår tur no. Dersom det var behov for å melda interesse igjen, hadde vi sett pris på å bli kontakta om dette.

For styret
Rune L. Skår